

Økonomiforum 10.3.2015

Økonomiforum vil framover verte annankvar onsdag kl. 08:30-10:00 i oddetalsveker.

Vi gjekk gjennom dei verktøya vi har tilgjengeleg på matnat-wiki til hjelp i rekneskapsrapporteringa. Det vart oppfordra til å sende e-post til okonomi@mnfa.uib.no om ein har innspel til forbedringar til malar eller sjekklister.

I samband med informasjon om rekneskapsrapportering vart det også opplyst om at fakultetet har lagt om inntektsføringa for stipendiat- og postdoktorprosjekta (720006 og 720020) i tråd med endringane som er gjort av UiB sentralt. Inntektene vert no vidarefordelt etter periodiseringsmal, på same måte som anna KD-inntekt, og det vil bli gjort avrekningar per halvår. Avrekninga vil bli gjort samtidig som den vert gjort frå UiB sentralt, truleg i juli og desember. Det betyr at evt. lediggang på desse prosjekta berre vil bli synleg som avvik i inntekter ved avrekning.

Det vart ytra ønske om pivotkurs for økonomimedarbeidarar ved fakultetet, og det vil vi prøve å få til.

Det vart informert om foreløpig anbefalingar for økonomifeltet frå prosjektgruppa i det administrative utviklingsprosjektet. Basert på anbefalingane frå prosjektgruppa, vil fakultetsdirektøren sende ut ei tiltaksliste. Arbeidet med tiltakslista vil skje i mindre grupper, og fakultetet vil sende ut skjema der alle økonomimedarbeidarane kan sette opp kva grupper dei ønskjer å vere med i. Tanken er at vi vil starte arbeidet med ein halvdags workshop, som avsluttast med lunsj.